

# Årsmelding 2025



SIM



## 2: OM OSS

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### OM OSS 2.1

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Administrasjonen er på Heiane, i Stord kommune.

52 247 abonnentar

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar: 62 614

Hushaldsabonnentar: 29 109

Hytte abonnentar: 8 381

Abonnentar som heimekomposterer: 2 628

Abonnentar med slamavskiljar: 14 757

Kilo avfall per innbyggjar 2025: 469 kg

#### OM OSS 2.2

SIM har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei 62 614 innbyggjarane og 8 381 hyttekundane i medlemskommunane. I alle kommunane er det innført henteordning for bio-, papir- plastemballasje, glas og metalleballsje - og restavfall.

Administrasjonen held til på Heiane i Stord kommune, der selskapet har administrasjonsbygg, miljøsentral og omlasteanlegg. Det er i tillegg miljøsentralar i alle eigarkommunane. I Svartasmoget, Fitjar kommune, har selskapet kompostanlegg og deponi. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylla miljøkrav og leggja til rette for at ressursane i avfallet vert nytta.

#### OM OSS 2.3

##### § 4 Føremål

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.
4. Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.
5. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

##### § 5 Selskapet sine oppgåver:

1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingsssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.
3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

## 2: OM OSS

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### OM OSS 2.4

##### Representantskap, styre og administrasjon

###### Medlemskommunar:

Austevoll  
Bømlo  
Fitjar  
Stord  
Sveio  
Tysnes  
Kvinnherad

**Representantskap:** 23 medlemmar

**Leiar:** Ordførar i Bømlo

**Styret:** 7 medlemmer og 1 representant for tilsette.

**Leiar:** Solveig Grønsdal (Stord)

**Administrasjon og hovudanlegg:** Heiane, Stord

**Dagleg leiar:** Ole Johannes Støle

#### OM OSS 2.5

##### Organisering

Representantskapet er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret.

Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

##### Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemmer kvar eigarkommune har i representantskapet. Kommunestyra vel medlemmer og personlege varamedlemmer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelte slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2. Representantskapet hadde eit møte i 2025, 25. april. På møtet vart det handsama 17 saker.

##### Styre

Det er éin styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Representantskapet vel styremedlemene. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det éin representant frå dei tilsette i styret. Styret hadde 7 møter i 2025.

#### OM OSS 2.6

##### Styret i SIM 2024

Solveig Grønsdal  
Styrelleiar

John Kristian Økland  
Nestleiar

Anne Merete Fjeldstad  
Styremedlem

Lasse Hamre  
Styremedlem

Lisa Instefjord Gilje  
Styremedlem

Inge Reidar Kallevåg  
Styremedlem

Marit Årthun  
Styremedlem

Kurt Harry H. Dahl  
Styremedlem

Ole Johannes Støle  
Dagleg leiar

## 3: DAGLEG LEIAR

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### DAGLEG LEIAR 3.1

«Med betre data og tettare oppfølging kan me belønne god sortering, og følgje opp feilsortering tydelegare når avvik gjentek seg.»

**Ole Johannes Støle**

Dagleg leiar

### DAGLEG LEIAR 3.2

2025 vart eit år med gode framsteg, samtidig som det gav ei viktig påminning om at me framleis har ein jobb å gjere saman med innbyggjarane.

#### Nedslåande resultat frå plukkanalyse

Plukkanalysen frå starten av året viser at det framleis er for mykje som hamnar i restavfallet, og at feilsortering framleis er eit reelt problem for mange abonnentar. God tilrettelegging og oppfordringar åleine er diverre ikkje nok. Skal me lukkast, må me kombinere gode løysingar med tydelegare rettleiing, meir målretta oppfølging og verkemiddel som faktisk verkar i kvardagen. Med betre data og tettare oppfølging kan me belønne god sortering, og følgje opp feilsortering tydelegare når avvik gjentek seg.

#### Nye krav i avfallsforskrifta

I 2025 vart det endå tydelegare at kommunane, og dermed SIM, har konkrete plikter knytte til utsortering. Avfallsforskrifta (§ 10a 4) stiller no tydelegare krav til kor mykje av hushaldsavfallet som skal sorterast ut, med gradvis opptrapping dei neste åra. Plukkanalysen viser samtidig at me ikkje kjem i mål med krava utan at fleire sorterer rett, oftare.

#### Endringar for hytterenasjonen

Det kjem klart fram at krava til utsortering også gjeld avfall frå hytter. Difor har SIM utgreidd, og så vidt starta opp, ei større endring i korleis me legg til rette for sortering og kor me skal ha returpunkt. Planen dei neste åra er at alle returpunkt for hytter skal vere tilrettelagt for full sortering, på same nivå som henteordninga heime hos abonnentane.

For at ei slik endring skal vere økonomisk forsvarleg, og for at me skal kunne følgje opp returpunktta i tilstrekkeleg grad, vil det vere behov for å redusere talet på returpunkt med om lag 30 prosent. Det inneber lengre reiseveg for mange. Samtidig legg me opp til at dei fleste framleis vil oppleve at returpunktet ligg formålstenleg på vegen mellom hytta og fast bustad, eller mellom hytta og lokalbutikken.

#### Klargjering for eit meir rettferdig system der det lønner seg å sortere

I 2025 starta SIM planlegging og tilrettelegging for ei framtidig betalingsløysing som i større grad premierer dei som har lite restavfall. Ved å knyte ein del av gebyret til kor ofte restavfallsdunken vert tømt, kan kundar som sorterer godt, eller av andre grunnar har lite restavfall, betale mindre. Det handlar om motivasjon og rettferd, at kundane i større grad betalar for kostnaden avfallet faktisk medfører.

#### Treverk til materialgjenvinning

I ny kontrakt for mottak og handsaming av treverk frå miljøsentralane la me til rette for at reint treverk skal gå til materialgjenvinning. Med litt ekstra innsats frå kundar og tilsette, der MDF og sponplater vert skilde ut i eigen konteinar, går no reint treverk til materialgjenvinning i staden for brenning. Dette var eit viktig steg for å auke delen av avfallet vårt som går til materialgjenvinning.

#### Ny kontrakt for innhenting av hushaldsavfall

Arbeidet med å førebu ny kontrakt for innhenting av hushaldsavfall er omfattande og krev planlegging langt fram i tid. Etter utlysing og anbudsfasen vart kontrakten signert med NordRen. Dei køyrer for oss i dag og vil halde fram når den nye kontrakten tek til å gjelde frå april 2027. Kontrakten kan vare i inntil 9 år, og det har vore viktig å få med relevante endringar me ser behov for i åra som kjem.

Eit sentralt punkt er at bilane vert tilrettelagde for å vege, og å lese RFID på dunkar, slik at tømningar kan registrerast per kunde. Dette gir høve til meir individuell oppfølging, og kundane får samtidig betre oversikt over eigen aktivitet i Mitt SIM. Ein annan viktig endring er at me får betre høve til ordinær henteordning på øyar som tidlegare ikkje har hatt dette, mellom anna gjennom bruk av mindre bilar.

#### Kåra til årets leverandør av glas og metallemballasje

SIM vart kåra til årets leverandør av glas og metallemballasje til Sirkel. Det er motiverande å sjå at tiltaka me har sett i gang for å forbetre sorteringa og styrkje kontrollen, gir resultat. Sjøførane gjer ein viktig jobb med kontroll, registrering av avvik og å setje att feilsortert avfall. I omlastehallen vert det lagt ned solid innsats i ettersortering, og kundemottaket jobbar målretta med oppfølging av avvik mot kundane. Summen av dette samarbeidet gav stor effekt, og me vart heidra som årets leverandør.

#### Takk for innsatsen!

Takk til våre dyktige tilsette, kundane, samarbeidspartnarane, styret og eigarkommunane for innsats, støtte og godt samarbeid. Me tek med oss læring frå 2025 og held fram arbeidet for betre sortering og meir materialgjenvinning, samtidig som me skal levere stabile tenester og god service til innbyggjarane i Sunnhordland.



*Ole Johannes Støle*

**Ole Johannes Støle**  
Dagleg leiar

## 4: TILSETTE

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



**Ole Johannes Støle**  
Dagleg leiar



**Lars Halleraker**  
Driftleiar  
miljøsentralar



**Arild Vik**  
Driftleiar innsamling.



**Malvin Helland Andahl**  
Driftleiar  
slutthandsaming



**Janne Hillersøy**  
Plan, innkjøp og  
kommunikasjons-  
ansvarleg



**Ørjan Steinsland Opperud**  
Administrasjons- og  
økonomileiar



**Trude Vedå**  
Økonomiansvarleg  
Vararepresentant for  
dei tilsette i styret



**Sissel Lønning**  
Kundehandsamar  
50 % stilling



**Trine Tverborgvik**  
Kundehandsamar



**Inger Lise Kobberstad**  
Kundehandsamar



**Thomas Onsrud**  
Vikar  
kundehandsamar



**Vegard W. Birkeland**  
Operatør omlastehall

## 4: TILSETTE

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



**Thom Arne  
Fredriksen**

Operatør omlastehall



**Einar Breivik**

Operatør kompost



**Bjørn Leon  
Vestbøstad**

Operatør deponi og  
kundehandsamar  
miljøsentral Fitjar  
(t.o.m. 06.06.2025)



**Kjell Bome**

Operatør deponi og  
kundehandsamar  
miljøsentral Fitjar  
(f.o.m. 01.06.2025)



**Sammy Sagvaag**

Kundehandsamar  
miljøsentral Bømlo  
(t.o.m. 31.03.25)



**Sissel Torkelsen  
Larsen**

Kundehandsamar  
Bømlo miljøsentral



**Mads K.  
Ellingsen**

Kundehandsamar  
miljøsentral Bømlo  
(f.o.m. 01.04.2025)



**Lars Miles  
Storaas**

Kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad



**Kenneth  
Fjelland**

Kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad



**Olaf Skram**

Formann /  
kundehandsamar  
miljøsentral Stord



**Aimar Hansen**

Kundehandsamar  
miljøsentral Stord og  
Sveio



**Kurt Harry Dahl**

Kundehandsamar  
miljøsentral Stord.  
Tilsette sin  
representant i styret.

## 4: TILSETTE

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



**Frank Verpelstad**

Kundehandsamar  
miljøsentral Heiane



**Rebekka Høgestøl**

Kundehandsamar  
miljøsentral Tysnes, 60  
% stilling



**Gry Bakke Rosvold**

Kundehandsamar  
miljøsentral Tysnes  
54 % stilling



**Kjell Frode Hole**

Kundehandsamar  
miljøsentral Austevoll  
54 % stilling (t.o.m.  
30.04.2025)



**Frode Haugland**

Kundehandsamar  
miljøsentral Austevoll  
54 % stilling (f.o.m.  
21.04.2025)



**Kurt Ole Thomassen**

Kundehandsamar  
miljøsentral Austevoll  
54 % stilling



**Gry Kristin Karlson**

Kundehandsamar  
miljøsentral Sveio  
48 % stilling



**Håvard Holmedal**

Kundehandsamar  
miljøsentral Stord  
8 % stilling



**Maria Verpelstad**

Kundehandsamar  
miljøsentral Stord  
8 % stilling



**Britt Guri Bjelland**

Kundehandsamar  
miljøsentral Stord  
8 % stilling



**Stian Selle**

Kundehandsamar  
miljøsentral Bømlo, 4  
% stilling



**Marita Kjærland**

Kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad, 4 %  
stilling (t.o.m.  
01.04.2025)

## 4: TILSETTE

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



**Anne Lise  
Strømme**

Kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad  
4 % stilling



**Trine Kaland**

Prosjektstilling  
informasjonsrådgjevar/  
formidlar  
10 % stilling (f.o.m.  
01.03.2025)

# 5: STYRET SI ÅRSMELDING

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.1

#### Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall og tømning av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutthandsaming ved komposteringsanlegg eller deponi. Aktiviteten går føre seg i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Kundemålingar viser at kundane er godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga. Selskapet har ingen pågåande forsknings- eller utviklingsaktivitetar.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.2

#### Driftsinntekter

Selskapet hadde i 2025 ei samla driftsinntekt på 146,4 mill. kr, som er 5,0 % høgare enn budsjettert. Inntektene frå kommunane og miljøsentralane var i tråd med budsjettet. Næringsavdelinga hadde eit positivt avvik på 10,4 %. Næringsavviket skuldast høgare aktivitet og leveransar enn lagt til grunn i budsjettet.

#### Driftskostnader

Driftskostnadene i 2025 var 145,4 mill. kr, som er 2,5 % høgare enn budsjettert. Driftsresultatet viser eit overskot på 4,0 mill. kr. Utdeling frå miljøfondet vert bokført som driftskostnad. Det vart delt ut 5,5 mill. kr i 2025. Netto uttak frå fondet var 4,0 mill. kr og er ført mot eigenkapitalen i SIM. Sjølvkostområda kommunalt avfall og slam vert utlikna i rekneskapen ved at resultatet vert ført som andre driftskostnader og tilført fonda for renovasjon og slam.

#### Netto finanskostnader

Sum finanspostar i 2025 var 3,0 mill. kr, som er høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak at rente knytt til miljøfondet no vert ført som del av drifta, utan at dette var budsjettert.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.3

#### Resultat og disponeringar

SIM sitt rekneskapsmessige resultat for 2025 viser eit overskot før skatt på 4,0 mill. kr.

Næringsaktivitetane hadde eit overskot før skatt på 6,7 mill. kr. Kommunalt avfall hadde eit underskot på 2,4 mill. kr, som er ført mot renovasjonsfondet. Slamtømming hadde eit overskot på 0,7 mill. kr, som er tilført slamfondet.

Netto uttak frå miljøfondet var 4,0 mill. kr.

Etter utlikning av sjølvkostområda og disponering mot fond vert resterande resultat tilført eigenkapitalen i samsvar med årsrekneskapen.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.4

#### Sjølvkost og fond

Ved berekning av sjølvkost (etterkalkyle) legg selskapet til grunn lova, selskapsavtalen og rettleiaren for berekning av sjølvkost. Selskapet belastar ikkje gebyra kalkulatoriske renter.

SIM har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte og driva det forsvarleg i minst 30 år etter avslutting. Selskapet vurderer årleg nødvendige avsetjingar for framtidige kostnader. Det er ikkje sett av ekstra midlar til fondet i 2025, og fondet hadde ein saldo på 73,0 mill. kr ved årsslutt.

#### Kontantstrøm

Nettokontantstrøm for operasjonelle aktivitetar var på 19,5 mill. kr. Dei samla investeringane var på 6,1 mill. kr. SIM har finansiert investeringane sine utan lån. Selskapet har ved årskifte likvide midlar på 95,7 mill.kr.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.5

#### Balanse

Eignelutane til SIM var 304,1 mill. kr ved utgangen av 2025. Eigenkapitalen var 204,0 mill. kr, der delar av midlane er bundne. Langsiktig gjeld består av etterdriftsfondet på 73,0 mill. kr og kommunalt renovasjons- og slamfond på 12,7 mill. kr. Dei kommunale fonda for avfall og slamtømming er midlar som abonnentane skal ha tilbake innan 3–5 år. Likviditeten i selskapet er god.

#### Finansiell risiko

SIM sin strategi er å investera med låg til moderat risiko. Overskotslikviditeten er plassert i bank, styret meiner plasseringa inneber låg risiko for selskapet.

#### Operasjonell risiko og brannrisiko

SIM si verksemd omfattar handtering, lagring og omlasting av avfall, og dette inneber risiko i drifta. Brann er ein særskilt risiko i delar av verksemda, mellom anna knytt til avfall som kan sjølvvante, batteri og handtering av større avfallsmengder. Selskapet arbeider kontinuerleg med risikovurderingar, førebyggjande tiltak, opplæring, tekniske løysingar og beredskap for å redusere sannsynet for hendingar og avgrense konsekvensane dersom dei oppstår.

#### Styreansvarsforsikring

Det vart i 2025 teikna styreansvarsforsikring for styret og tilsette med leiaransvar.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.6

#### Utgreiing om likestilling og arbeid mot diskriminering

Tilstand for kjønnslikestilling:

	Kjønnsbalanse		Deltid		Ufriviljug deltid		Uttak av veker foreldrepermisjon	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Tal	22	14	5	9	0	2	0	34
Prosent	61 %	39 %	38 %	62 %	0 %	100 %	0 %	100 %

Ved utgangen av 2025 var det 25,64 årsverk i SIM fordelt på 35 tilsette. 14 av dei tilsette var kvinner og 22 var menn. Det er i tillegg to lærlingar i selskapet.

## 5: STYRET SI ÅRSMELDING

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.7

Åtte kvinner og fem menn var i deltidsstillingar og det er ei overvekt av tilsette som er i frivillig deltidsstilling. Selskapet har to grupper lønnskategoriar: **Gruppe 1** som omfattar kundehandsamerar og operatørar og **gruppe 2** som omfattar leiargruppa og rådgjevar.

Av den totale arbeidsstokken er det 39 % kvinner fordelt på 39 % av gruppe 1 og 38 % av gruppe 2. Gjennomsnittsløna til menn samla for gruppe 1 og 2 er 7 % høgare enn gjennomsnittsløna til kvinnene. I gruppe 1 er gjennomsnittsløna for menn og kvinner om lag lik, menn har 2 % høgare løn enn kvinnene. I gruppe 2 er gjennomsnittsløna til menn 14 % høgare enn kvinnene si gjennomsnittsløn. Løn til dagleg leiar er teken med i statistikken for gruppe 2. Alle løner er omgjort til fulle stillingar. Stillingar med same ansiennitet og stillingar med same ansvar har lik løn, uavhengig av kjønn.

Sjukefråværet var på 6,94 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær, og styret er ikkje kjent med at noko av fråværet skuldast arbeidstilhøve.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.8

#### Arbeidet med likestilling og diskriminering

##### *Arbeidsmiljø og personale*

SIM arbeider aktivt for likestilling og mot diskriminering. Arbeidet omfattar rekruttering, løn- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og førebygging av trakassering. Stillingar med same ansvar og ansiennitet har lik løn uavhengig av kjønn.

Arbeidsmiljøarbeidet er forankra i internkontrollsystemet. Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møte i 2025 og har hatt særleg merksemd på psykososialt arbeidsmiljø og oppfølging av målretta arbeidshelseundersøking. Det er gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette og to beredskapsøvingar. Vernerundar og HMS-avvik vert følgde opp løpande. Radonmålingar i administrasjonsbygget viste verdiar under tiltaksgrensa.

##### *Abonnentar/kundar*

Bygningar, anlegg og uteområde som selskapet eig er forsøkt utforma i tråd med krava om universell utforming i plan- og bygningslova. Selskapet sin nettstad og informasjonsblad er òg søkt utforma med tanke på universell utforming. Det er utvikla informasjonsbrosjyrar og sorteringsguidar på fleire ulike språk.

Det er lagt til rette for at abonnentar som ikkje nyttar datamaskin eller smarttelefon kan få tilsendt tømme kalender og anna informasjon på papir.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.9

#### Grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

##### *Forankring av anvarskjensle*

SIM arbeider aktivt for å sikre respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i leverandørkjeda. Arbeidet er forankra i internkontrollsystemet, i leiinga og i organisasjonen. Alle innkjøpskontraktar og avtalar inneheld krav om å respektere grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

##### *Kartlegging og vurdering av negativ påverking/skade*

I 2025 har SIM ikkje gjennomført særskilde revisjonar av leverandørar utover ordinær kontraktsoppfølging. Selskapet har framleis særleg merksemd på kontraktar der risikoen for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold vert vurdert som høgast.

Det er ikkje avdekt forhold som har kravd særskilde tiltak.

##### *Openheitslova*

SIM har publisert ei utgreiing om aktsemdsvurderingar på sim.as, med tiltak og vurderingar for å sikre rettferdige arbeidsforhold og menneskerettar. Arbeidet omfattar kartlegging og vurdering av risiko knytt til menneskerettar og arbeidsforhold i verksemda og leverandørkjeda vår.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.10

#### Ytre miljø

Sigevatn frå moderne avfallsdeponi oppstår hovudsakleg som følge av at nedbør vaskar ut dei deponerte massane. Dette skjer òg i Svartasmoget. Det er etablert reinseanlegg for å redusera utsleppa, samt anlegg for handsaming av metangass frå deponiet.

Analysar viser låge nivå av jern, tungmetall og organiske miljøgifter i sigevatnet. Reinseanlegget har god effekt, særleg for jern, noko som òg bidreg til reduksjon av tungmetall og organiske miljøgifter.

Heile deponiområdet er målt til 102 000 m<sup>2</sup> etter delavslutningar i søraust og i nordvest, vart det redusert til 77 500 m<sup>2</sup> i 2025. Dette reduserer nedbørsfeltet og vil gje betre reinsing i reinseanlegget for sigevatn.

Sigevatnet etter reins syner ein nedadgåande trend for dei viktigaste parameterne øve fleire år. Totalnitrogen er redusert med omlag halvparten som for ti år sidan.

## 5: STYRET SI ÅRSMELDING

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.11

#### Framtida

Det kjem stadig nye krav til utsortering og meir miljørett handsaming av avfall. I 2025 vart det tydelegare at kommunane, og dermed SIM, har konkrete plikter knytte til auka materialgjenvinning dei komande åra.

Styret legg til grunn at måla krev både gode systemløyisingar og aktiv medverknad frå abonnentane. Det vil difor vere behov for vidare utvikling av ordningane, mellom anna innan hytterenasjon og gebyrstruktur.

Styret meiner SIM er godt rusta til å møte dei nye krava, og vil halde fram med å utvikle tenester der miljøomsyn, kvalitet og kostnadseffektiv drift vert vurdert samla.

#### Vidare drift

Årsrekneskapen for 2025 er avlagt under føresetnad om framleis drift. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av selskapet sine eigneluter, gjeld, finansielle stilling og resultat. Føresetnaden for framleis drift er til stades.

### STYRET SI ÅRSMELDING 5.12

#### Stord 20. mars 2026

Solveig Grønsdal  
Styreleiar

John Kristian Økland  
Nestleiar

Anne Merete Fjeldstad  
Styremedlem

Lasse Hamre  
Styremedlem

Lisa Instefjord Gilje  
Styremedlem

Christer Agasøster  
Styremedlem

Marit Årthun  
Styremedlem

Kurt Harry H. Dahl  
Styremedlem

Ole Johannes Støle  
Dagleg leiar

## 6: DITT AVFALL

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### DITT AVFALL 6.2

##### Avfallsmengder


I 2025 auka den totale avfallsmengda betydeleg samanlikna med 2024. Auken skuldast særleg meir næringsavfall til deponi. Mengda hytteavfall gjekk noko ned frå 2024 til 2025, men ligg framleis over nivået i 2023. Besøket på miljøsentralane auka vidare i 2025. Hushaldsavfall på renovasjonsrutene hadde ein svak auke og viser ein stabil utvikling dei siste tre åra. Innsamla næringsavfall gjekk vidare ned i 2025. Mengda næringsavfall til deponi auka kraftig i 2025 og er no vesentleg høgare enn både 2023 og 2024.

Klager frå kundar heldt seg på eit lågt nivå.

Totale avfallsmengder i 2025: 70 414 tonn

#### DITT AVFALL 6.3

##### Samla avfallsmengder som SIM tek hand om



Hushaldsavfall SIM til deponi:	2 %	1 218
Hushaldsavfall SIM sendt til attvinning:	40 %	28 157
Næringsavfall SIM til deponi:	44 %	31 199
Næringsavfall SIM til attvinning:	9 %	6 142
Slam:	5 %	3 698

Til saman: 70 414 tonn

#### DITT AVFALL 6.4


##### Hushaldsavfall

Hentefraksjonane (rest, bio, plast, papir og glas-/metallemballasje) hadde ein auke på 0,7 % frå 2024 til 2025. Totalt hadde mengder av hushaldsavfall, både henteordning og bringeordning, ein auke på 5 %.

Kvar innbyggjar leverte 469 kg avfall i 2025. Totalt tok SIM hand om 29 375 tonn frå hushalda. Størstedelen av desse var utsorterte mengder som kunne gå til attvinning.

#### DITT AVFALL 6.5


##### Mengder hushaldsavfall



Samla mengde hushaldsavfall i 2025: 29 375 tonn

#### DITT AVFALL 6.6

##### Avfall henta heime hos folk (medrekna hytteavfall)



Bio	2 992
Rest	8 909
Papir	1 401
Plastemballasje	369
Glas og metallemballasje	930

Til saman: 14 602 tonn

## 6: DITT AVFALL


### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### DITT AVFALL 6.7

##### Attvinning (Hushald)


Mengda innsamla hushaldsavfall i SIM-kommunane auka svakt med 0,7 % frå 2024 til 2025. Innsamla mengde i 2025 var 14 602 tonn, medan SIM totalt mottok 29 375 tonn hushaldsavfall frå innbyggjarane i Sunnhordland.

95,85 % av det innsamla avfallet vart sendt til attvinning, fordelt på 37,52 % materialattvinning og resten til energitnytting. Attvinningsprosenten har auka betydeleg sidan 2003, då SIM starta med å senda avfall til attvinning. Den gongen var attvinningsprosenten 48 %.



#### DITT AVFALL 6.8

##### Hushaldsavfall til gjenvinning



Avfallsbrensel:	11 202
Våtorganisk:	2 992
Heimekompostering:	411
(ikkje inkl. i rapporterte mengder 24 908 t)	
Papir/papp:	1 858
Glas- og metallemballasje:	930
Stål:	1 398
EE- avfall:	742
Hageavfall:	1 764
Gips:	310
Trevirke:	4 566
Plastemballasje:	414
Hardplast:	61
Tekstil:	88
Farlig avfall:	370
Trevirke, trykkimpregnert:	999
Klorparafinruter:	156
Bildekk:	70
<b>Totalt:</b>	<b>28 157 tonn</b>

## 6: DITT AVFALL

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### DITT AVFALL 6.9

##### Hytterrenovasjon

SIM har starta utrulling av meir sortering for hytter og fekk i 2025 full sortering på dei absolutt største returpunktta i kvar kommune. Desse returpunktta ligg strategisk plassert sentralt eller utanfor Miljøsentral og er ope heile døgnet. SIM kan dermed fylgja opp sortering, kalibrere utstyr etter behov, samt god moglegheit til å fylgja opp feilsortering og misbruk. SIM hatt konkurranse og skrive avtale om nye renovasjonsbilar med kran tilpassa bunnømt utstyr og nedgravde løysing ein framtidstretta innsamlingsmetode med tanke på meir sortering på mindre areal.

Statsforvaltaren hadde i desember tilsyn med utgangspunkt i Avfallsforskrifta 10a i Stord Kommune. Denne den del av forskrifta set krav til meir sortering. Kommunen/SIM fekk avvik på sorteringstilbodet på ein del av returpunktta ein har ute. SIM har alternative ordningar som tilsynet ikkje hadde teke med, så det vert ettersendt info og me jobbar vidare målretta for å leggja til rette for betre sortering på alle områder.

#### DITT AVFALL 6.10


##### Deponi

I 2025 vart det levert 32 416 tonn avfall til deponiet i Svartasmåget, ein auke på om lag 37 % frå året før. Årsaka til auken er at ein har teke i mot større mengder avfall frå næringslivet.

Det er lite avvik i leveransane til deponi. Det gjer og at det ikkje vert samla opp deponigass, gassen som vert faklar i dag stammar frå avfallet levert fram til deponiforbodet i 2009. Det er i hovudsak treverket som lagar metangass, nedbrytinga til treverket brukar lang tid, men det er merkbar nedgang i metangassen.

#### DITT AVFALL 6.11

##### Mengder til deponi



Mengder levert til deponi, totalt i 2025: ..... 32 416 tonn

#### DITT AVFALL 6.12

##### Slamtømming

I året 2025 henta SIM i hovudsak slam frå heilårsbustadar i Bømlo og Sveio Kommune. I tillegg avslutta ein tømmerunden for hus/hytter og hadde eiga ferge med båttømming i Austevoll. Kommunar og VA selskap får stadig fleire eigedommar inn på offentleg avlaup og mengder henta frå kommunale anlegg er aukande. I regionen er det stor aktivitet særleg i verftsindustrien. I Stord kommune åleine hadde ein så mange arbeidarar i brakkerigg, at ein nærast hadde ein “ekstra kommune” på tømnelista. Totalt vart det registrert 5502 slamtømmingar med ca. 33000 kubikk. Av desse var 141 tømningar og heile 11000 kubikk frå større kommunale tankar.

#### DITT AVFALL 6.13

##### Hushaldsavfall

Innsamling av hushaldsavfall fungerer svært godt i Sunnhordland og ein har effektive og gode ruter. Dagens renovatørar har jobba lenge og er kjent i området. SIM har i 2025 hatt konkurranse på transportoppdraget. Same transportør fekk fornya avtale, noko SIM er særns nøgd med. Tidleg i 2025 gjennomførte SIM ein plukkanalyse av restavfallet frå hushaldsabonntar i Sunnhordland. Resultatet viste bl.a. at graden av matavfall i restavfall er aukande og meir emballasje kan framleis plukkast ut. Restavallsdunkane i plukkanalysen inneholdt nærare 40% bio/matavfall. Myndigheitene har stramma inn avfallsforskrifta med stegvis aukande krav til materialattvinning i åra framover. Myndigheitene oppmodar kommunar og IKS skal leggja til rette for ei ordning som heiter “betal for det du kastar”, som skal gjera kundar motiverte til og sortera betre. SIM planlegg å merka rest & biodunkar med digital chip for seinare å registrere tømning pr.kunde. Kundar betalar då kun for restavfall dunken når den vert satt ut/tømt. Kan ein stå over ei restavfalltømming vert det mindre å betale. Ordninga har vist gode resultat der det er innført. Miljødirektoratet har i veileidar til avfallsforskrifta anbefalt kommunar til å nytta prismodellar som oppmodar til betre sortering.

## 7: VÅRT SAMFUNN

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### VÅRT SAMFUNN 7.2


##### Eit reinare Sunnhordland

SIM er oppteken av at Sunnhordlandsnaturen er rein og frisk. Selskapet har difor alltid hatt fokus på å støtta tiltak som engasjerer og motiverer innbyggjarane til å rydda avfall der ein ikkje klårt kan peika på kven som har ansvar. Ryddedugnadane er veldig populære og mange innbyggjarar tek oppmodinga om å engasjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

##### Rydd Sunnhordland

30 velforeiningar søkte om å rydde i nærmiljøet i 2025. Rydd Sunnhordland er ein ryddedugnad der vellag, burettslag og andre kan søkja om å få rydda nærområdet sitt. Ein kan melda seg på ryddeaksjonen heile året. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt.

#### VÅRT SAMFUNN 7.3



Rydd i nærmiljøet 2025: ..... 30

Rydd ei strand\* 2025: ..... 34

\*Starta opp i 2014.

#### VÅRT SAMFUNN 7.4

##### Rydd ei strand

SIM har i mange år støtta lag og organisasjonar som ynskjer å rydda strender som ingen andre har ryddeansvar for. SIM bidrog til at 34 slike aksjonar resulterte i rydding i fleire store strandområder i Sunnhordland. Det er ein auke på 12 stk frå 2024. Det er sett av 300 000 kroner årleg for å støtta slike aksjonar. I 2025 vart det utbetalt 42 750 kr til strandrydding.

##### Meld frå om forureining

SIM sitt bidrag i denne aksjonen er ikkje å rydde opp, men å hjelpe grunneigar, kommunen eller den som har forsøpla, til å finne løysingar slik at det vert rydda opp. Ei målsetjing er å få ut informasjon om kven som har ansvar for å rydda opp i forureining. Sidan oppstart har SIM bidratt til opprydding i over 200 saker.

##### Ryddestøtte til næringsaktørar

I 2023 starta SIM ei 2-årig prøveordning for næringslivet i Sunnhordland. Ordninga gjekk ut på at ein kan søkje støtte til levering av marint avfall. Den totale potten for støtte som ein kan søkje av er avgrensa til 100 000,- pr. år, fordelt på søkjarane, dersom det er fleire.

Det kom ikkje inn søknadar om slik støtte i 2025. Det er berre verksemdar som har rydding av marint avfall som hovudaktivitet, som kan søkje og ordninga er avgrensa til avfall som er rydda i eigarkommunane til SIM.

#### VÅRT SAMFUNN 7.5

##### Informasjon

SIM sitt informasjonsarbeid har to hovudfokus. Det eine er å informera innbyggjarane om ordningane, tenestene, løysingar og miljørett avfallshandtering. Det andre er å motivera og vera pådrivar for å skapa rette haldningar knytt til miljøarbeid og berekraftig utvikling. SIM sine publikasjonar, sorteringsguidar, sentralbord, miljøsentralar, tømme kalender, SIM APP, SIM sine nettsider, facebook og pressemeldingar var dei viktigaste informasjonskanalane for selskapet i 2025.

I 2023 var det lansert ei ny side for våre abonnentar "Mitt SIM": Ei digital løysing der abonnentane kan logge seg inn på si eiga side for og få informasjon om sitt abonnement. I tillegg kan dei enkelt endre/ bestille tenester frå SIM. Sida er under stadig utvikling og i 2024 vart arbeidet med ei side for næringslivet starta opp. Fyrste testkommune, Bømlo var med og testa sida i 2025. I løpet av 2026 vil den bli lansert for alle næringskundar.

Det vil stadig vera behov for å utvikle tenestene mot innbyggjarane og abonnentane. Framover vil nokre digitale tenester får meir og meir fokus. SIM vil vera tilstades i dei medium abonnentane brukar, samstundes som ein må vurdere kva kanalar det er hensiktsmessig å nytta.

## 7: VÅRT SAMFUNN

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### VÅRT SAMFUNN 7.6

##### Skuleprosjektet

I 2025 var det 25 fjerdeklassar med lærarar på besøk hjå SIM. SIM har utvikla eit eige undervisningsopplegg for denne aldersgruppa, der kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling er tema. SIM betalar reisa for skuleklassane og dette plar vera eit svært populært tilbod.

Ein starta og planlegginga av eit tilbod til ungdomstrinnet. Dette satsar ein på og få testa ut i 2026.

##### SIM sitt miljøfond

I 2014 selde SIM dotterselskapet SIM Næring. Det vart vedteke i representantskapet at ein skulle opprette eit miljøfond og plassere overskotet frå salet der. Fondet sin verdi er ved utgangen av 2025 er om lag 36,1 millionar kroner. SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet. Til dømes: lag, organisasjonar, kommunar, verksemder eller privatpersonar. Styret i SIM set opp prioritert liste over tildeling av midlar. Representantskapet handsamar tildelinga som eiga sak på representantskapsmøtet. I 2025 fekk 44 søkjarar innvilga støtte frå fondet, og det vart tildelt 6 209 556 kroner.

##### Andre tilskotsordningar

0 søknader om tilskot til kjøp av tøybleier vart godkjende. Det vart gjeve litt tilskot til basarar og loppemarkadar.

## 8: MILJØSENTRALAR

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### MILJØSENTRALAR 8.2

##### Kundar og avfall i 2025

I 2025 var det 89 047 vitjingar ved dei sju miljøsentralane våre. Kundane leverte 16 240 tonn avfall, og 50 % av hushaldsavfallet kom inn via miljøsentralane.

Selskapet har eit godt tilrettelagt tilbod for mottak av farleg avfall og EE-avfall. Mengda farleg avfall frå hushald auka til 1 515 tonn i 2025. Strengare krav til handtering av farleg avfall fører framleis til auka kostnader. SIM held fram med ryddetiltak som bidreg til opprydding av slikt avfall i naturen.

Privatkundar som leverer avfall til miljøsentralen betalar om lag ein tredjedel av det det kostar å driva tilbodet, resten er dekkja gjennom renovasjonsgebyret. Næringsdrivande skal betale fulle kostnader.

Tal på kundar i 2025: 89 047

#### MILJØSENTRALAR 8.3


##### Vitjingar i 2025

SIM sine miljøsentralar hadde ei auke i besøkstalet på 3,8 %. Mengda avfall levert til miljøsentralen hadde ein auke på 7 % frå 2024. SIM har miljøsentral i alle eigarkommunane (7 stk). Ved SIM sine miljøsentralar kan innbyggjarane levera avfall dei ikkje har plass til, eller ikkje har lov til å kasta i behaldarane ein har fått utdelt av SIM. Innbyggjarane betalar om lag ein tredjedel av kostnaden. Resten vert dekkja gjennom renovasjonsgebyret. Næringslivet kan også nytta seg av miljøsentralen, men dei betalar faktiske kostnader etter vekt/volum.

3,8 % fleire vitjingar i 2025.

#### MILJØSENTRALAR 8.4


##### Kundar ved SIM sine miljøsentralar



Kundar ved SIM sine miljøsentralar i 2025: 89 047 pers.

#### MILJØSENTRALAR 8.5

##### Mengder hushaldsavfall 2025




Mengder hushaldsavfall levert til SIM sine miljøsentralar i 2025: 14 605 tonn

Mengder hushaldsavfall henta på renovasjonsruta i 2025: 14 602 tonn

Totale mengder hushaldsavfall i 2025: 29 375 tonn

#### MILJØSENTRALAR 8.6

##### Farleg avfall



Kvar innbyggjar leverte om lag 24,19 kg farleg avfall i 2025.

## 9: KOMPOSTANLEGG

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### KOMPOSTANLEGG 9.1


Komposteringsanlegget tok imot 2 992 tonn våtorganisk avfall frå SIM-kommunane og 1324 tonn frå næringskundar og andre kommunar. I tillegg tok ein i mot 1756 tonn avvatna slam frå SIM-kommunar og 1942 tonn slam frå næringskundar. Ein har og teke mot 300 tonn reint trevirke og 2897 tonn hageavfall frå hushald og næring. I 2025 tok anlegget i tillegg imot 206 tonn hestemøkk. Dette vert nytta for å styrke kvaliteten på kompostproduktet.

Komposten som blir produsert i Svartasmoget kan kjøpast ved alle SIM sine miljøsentralar og er eit populært jordforbetringsprodukt. Prisen i 2025 var kr 450 kr per tonn inkl. mva. Salet gav ei inntekt på kr. 1.69 millionar kroner eks. mva.

Totalt vart det handsama 11 417 tonn i komposteringsanlegget i 2025.

#### KOMPOSTANLEGG 9.2


##### Mengder til kompostering



Totalt i 2025 . . . . . 11 417 tonn

#### KOMPOSTANLEGG 9.3

##### Selde mengder kompost



Selde mengder kompost/plenblanding i 2025 . . . . . 5 246 tonn

Selde mengder anleggjord solde og usolde i 2025 . . . . . 2 505 tonn

Totalt 7 751 tonn selde mengder i 2025.

# 10: GJENVINNING

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

## GJENVINNING 10.2 Avfallspyramiden



## GJENVINNING 10.3

Avfall vert gjenvunne på tre måtar: Ombruk, materialgjenvinning og energiutnyttning. Avfallshierarkiet viser kva som gjev best effekt med tanke på miljøet.

### Ombruk

Me kallar det ombruk når folk tek i bruk gjenstandar andre har kvitta seg med. Døme er sykklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

### Materialgjenvinning

Når avfall vert brukt som råstoff i nye produkt, vert det kalla materialgjenvinning. Døme er papir som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasiner.

## GJENVINNING 10.4 Energiutnyttning

